

Møte om vidareføring av Sunnfjord vassområdeprosjekt og høyring av tiltaksprogram

Notat

Møtet fann stad i Førde rådhus 21.01.2015 kl 10 – 12.

Deltakarar: Berit Holme, Førde kommune

Ola Kvaal, Førde kommune

Staffan Hjøhlman, Nordfjord vassområde / Gloppen kommune

1. Vidareføring av vassområdeprosjekta i Sunnfjord og Nordfjord. Sogn og Fjordane Fylkeskommune har planar om å tilsette prosjektleiar i 100 % stilling som skal dekke både Sunnfjord og Nordfjord. Fylkeskommunen har behov for vedtak i dei involverte kommunar om finansiering av prosjektet også etter 2015. Det ligg i dag føre vedtak i kommunane om å finansiere 50 % av prosjektkostnadene til og med 2015. Nordfjord vassområde vil handsame prosjektplan med finansiering på møte 22.01.2015. Ved positivt vedtak vil kommunane bli oppfordra til å slutte seg til prosjektplanen ved politisk vedtak innan april 2015. Det vart drøfta om Sunnfjord vassområde skal følgje same framgangsmåte. Dette blir opp til Førde kommune (vertskommune for Sunnfjord vassområde) å avgjere.
2. Tiltaksprogrammet, vedlegget som viser alle vassførekomstar i risiko, med tilstand, påverknader, miljømål, tiltak, kostnader m.m. vart gjennomgått for Førde kommune. Ein viktig parameter for å vurdere tiltak er graden av kva type påverknad på kvar vassførekomst. Parameteren ligg inne på vann-nett, men er ikkje med i vedlegget til tiltaksprogrammet.
 - a. 0281010201-2-C Førdefjorden. Kommunen er styresmakt for det fysiske inngrepet i form av hamnar. Planlagt tiltak: Kjemiske og biologiske prøvar. Kostnad er ikkje oppgitt. Dette kan vere i samarbeid med Fylkesmannen som er styresmakt for andre påverknader i vassførekomsten (kommunalt renseanlegg, grunnforureining og industri).
 - b. Landbrukspåverknad bør i følge Kvaal tonast ned i vassførekomstane; 084-104-R Heilevangselva, 084-178-R Gravdalselva, 084-22-R Gilelva, 084-28500-L Gravvatnet.
 - c. Namnendring for 084-28403-L «Bekkevatnet» skal rettast til «Bekkevattnet», her er ikkje landbrukspåverknad, men påverknad på 084-1737-L Digernesvatnet gjer seg gjeldande også i dette vatnet som ligg nedstrøms. Overvaking bør difor fokuserast på Digernesvatnet.
 - d. 084-132-R Angedalsvatnet: Tefre og Hjelle avfalls plass er omfatta av krav frå Fylkesmannen om prøvetaking, som bør leggest inn i tiltaksprogrammet.
 - e. Stor grad av påverknad frå flomverk og forbygging er registrert for Jølstra og Angedalselva, men det er ikkje forslag om tiltak. Her kan ein tilføye problemkartlegging som tiltak og utsetting av miljømål oppnåing til 2027.
 - f. 084-139-R Sagelva – Sundsdalen bør tilføyast i tiltaksprogrammet, med påverknad i ukjent grad frå landbruksavrenning og spreidd busetnad, og tiltak prøvetaking.
 - g. På fleire av vassførekomstane er det lagt inn overvaking (kjemiske prøvar) med kostnadsoverslag 25000 pr vassførekomst / påverknad. For ei sikrere problemkartlegging kan ein også føreta tilførselsberekning og biologisk prøvetaking (jamfør problemkartlegging i høve jordbruk og avløp i Nordfjord vassområde 2014). Hjøhlman anslår kostnad for dette til 50 000 for ei lita elva, og 100 000 – 150 000 for ei stor elv.

Staffan Hjohlman

ref